

## VEDTEKTER FOR SELJORD KUNSTFORENING

Org.nr. 971476591 MVA

*Endringar vedtatt på årsmøtet 24. februar 2011*

*Endringar vedtatt på årsmøtet 16. juni 2020*

### § 1. Føremål

Laget skal arbeide for å ta vare på og auke interessa for god kunst og godt kunsthåndverk, og freista å fremja det beste i bygdekulturen ved:

- Utstillingar
- Gode programopplegg som og kan nyttast i skulane i kommunen
- Kjøpe inn kunst til Seljord kunstforenings faste samling

### § 2. Medlemmer

Alle kan bli medlemmer av laget. Dei medlemmene som har betalt årspengar, har fritt tilgjenge til alle utstillingar i laget. Alle som har vore medlemmer i eitt år og betalt årspengar, har stemmerett på årsmøtet.

### § 3. Årspengar

Årspengane blir fastsett av årsmøtet etter framlegg frå styret. Årspengane fylgjer kalenderåret.

### § 4. Årsmøtet

Laget skal halde årsmøte innan utgangen av mars. Innkalling og sakliste skal sendast medlemmene seinast 14 dagar før møtet. Framlegg som skal takast opp på årsmøtet, må vere skriftlege og styret i hende seinast ein måned før.

### § 5. Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal

- Handsame årsmelding, rekneskap og budsjett. Rekneskapsåret følgjer kalenderåret.
  - Vedta årspengar
  - Opprette faste stillingar etter framlegg frå styret.
  - Handsame innkomne framlegg
  - Foreta val av styre
  - Foreta val av to revisorar med varamenn for 1 år
- Punktet endra 28.02.08: Under føresetnad av at rekneskapsåret blir førd av godkjent, profesjonell rekneskapsførar, og dersom offentlege tilskotsytarar ikkje krev revidert rekneskap, går val av revisor ut.

Valet skal førebuaast av ei valnemnd på tre. Medlem i valnemnda veljast av årsmøtet. Medlemmene blir valde for 2 år om gongen. Eitt medlem skiftast ut kvart år

Følgjande skal veljast:

- leiar
- to styremedlemmer
- fire varamedlemmer

- to medlemmer til valnemnda

Alle saker skal avgjerast med vanleg røystefleirtal av dei som har møtt fram. Vedtektsendring krev kvalifisert fleirtal (2/3). Ekstra årsmøte blir halde når styret har fastsett det eller når 25 av medlemmene krev det. Innkalling vert som til vanleg møte.

## § 6 Styret

Styret skal ha fem medlemmer med to varamedlemmer. Dei vel sjølv nestleiar, skrivar og kasserar. Om det er ynskjeleg, kan styret tilsetje kasserar som ikkje er medlem av styret. Leiaren er på val kvart år, og skal veljast særskilt. Valperioden for dei andre medlemmene er to år, varamedlemmene skal veljast kvart år. Har heile styret vore på val, er to av styremedlemmene på val etter eitt år. Kven som skal gå ut, vert avgjort ved lutdraging.

## § 7 Styret sine oppgåver

- Leie laget i samsvar med § 1. Styret har og ansvar for den daglege drifta.
- Tilsetje dei personar som trengst i arbeidet, avtale løn og setje opp arbeidsinstruks.
- Foreslå eventuell oppretting av faste stillingar for årsmøtet. Jfr § 6
- Setje opp liste over ustillingar og program for ein lengre tidsbolc.
- Førebu årsmøtet
- Fastsetje inngangspengar på utstillingar og tilskipingar.
- Peike ut nemnder og råd som skal hjelpe til så arbeidet kan gjennomførast på beste vis.
- Oppnemne kunstnarisk råd for sommarutstillinga og lage retningsliner for rådet.

## § 8 Oppløysing

Oppløysing av laget må ut til uravrøysting blant medlemmene og få minst 2/3 fleirtal om laget skal leggje ned arbeidet. Laget si eige skal gå til å kjøpe inn kunst til Seljord kunstforening si faste kunstsamling som ein då må be kommunen overta. Kunstsamlinga må haldast samla.